

FJELLNÆR FRISKULE SA

Vedtak om godkjenning av ny grunnskule etter privatskulelova - Fjellnær friskule SA (org.nr. 934 599 454)

Utdanningsdirektoratet viser til søknad frå Fjellnær friskule SA datert 31. januar 2025 og seinare suppleringar frå søkjar.

Fjellnær friskule SA søker om godkjenning av ny grunnskule med 85 elevplassar på 1. - 10. trinn. Det blir søkt om godkjenning etter privatskulelova § 2-1 første ledd, jf. andre ledd bokstav a. livssyn.

Vedtak

Utdanningsdirektoratet godkjenner søknaden frå Fjellnær friskule SA (org. nr. 934 599 454) etter privatskulelova § 2-1 første ledd, jf. andre ledd bokstav a. livssyn.

Skulen er frå og med hausten 2026 godkjend for inntil 85 elevar på 1.-10. trinn.

Skulen skal følgja Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20) og i tillegg læreplanar godkjend for Kristne Friskolers Forbund (KFF) – overordna del, læreplan i KRLE og synleggjerings tillegg.

Vilkår for godkjenninga

Skuleverksemda kan ikkje setjast i gang før Utdanningsdirektoratet har gitt eit driftsløyve. Skulen søker om dette via Tavla.

Før det kan givast driftsløyve, må skulen dokumentera overfor Utdanningsdirektoratet at han har oppfylt vilkåra i punkta nedanfor innan 15. juni det skuleåret skulen skal starta opp.

1. Skuleanlegget må vera godkjent av Statsforvaltaren i Innlandet, jf. privatskulelova § 2-4 første ledd. Skulen må innhenta godkjenning etter forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger, og ferdigattest/bruksløyve etter plan- og bygningslova, før skulen tek kontakt med Statsforvaltaren om formell godkjenning av lokala. Sjå nettsidene våre, udir.no, for meir informasjon om Statsforvaltarens godkjenning av privatskulars skuleanlegg.
2. Den samla lærarkompetansen ved skulen må vera godkjend av Utdanningsdirektoratet, jf. privatskulelova § 4-2. Skulen må dokumentera kvar enkelt lærars kompetanse og lasta opp vitnemålet til den enkelte i søknadsskjema. Me viser til krava som kjem fram av opplæringsforskrifta kapittel 12 Personalet i skulen.
3. For lærarar med utanlandsk lærarkompetanse må det i tillegg liggja føre ei eiga godkjenning av den utanlandske lærarkvalifikasjonen. Kvar enkelt lærar må søkja Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om godkjenning.

4. Skulen må oppgi kontonummer for utbetaling av statstilskot. Kontonummeret må vera knytt til organisasjonsnummeret til skulen.
I tillegg må skulen leggja ved ein elevtalsprognose for første halvår skulen er i drift.
Prognosen dannar grunnlaget for utbetaling av statstilskot fram til elevteljing 1. oktober.

Sjå nettsidene våre, udir.no, for meir informasjon om driftsløyeve.

Vurderinga frå Utdanningsdirektoratet

Vi har gått gjennom søknaden og finn at han tilfredsstiller minstekrava i privatskulelova. Utdanningsdirektoratet har gjort følgjande vurderingar:

Grunnlaget til skulen

Fjellnær friskule SA søker om godkjenning etter privatskulelova § 2-1 andre ledd bokstav a. livssyn og skal følgjer kristne læreplanar (sjå over). Utdanningsdirektoratet fekk i desember 2024 ein instruks frå Kunnskapsdepartementet om behandling av søknader frå skular som vil driva/driv på dette grunnlaget. I instruksjonen blir det vist til at kjernen i privatskulelovgivninga er å ivareta moglegheita til å etablere private skular som representerer eit tydeleg alternativ til den offentlege skulen: *For å sikre at livssynsskoler utgjør et reelt alternativ til offentlige skoler, kan det ved behandlingen av søknader og godkjenning av nye skoler og driftsendringer ved eksisterende skoler, være grunn til å være særlig oppmerksom på skolenes reelle tilknytning til det aktuelle livssynet. [...]*

Departementet skriv vidare:

På denne bakgrunn ber departementet om at direktoratet ved behandling av nye søknader – i tillegg til å vurdere om læreplaner og andre vilkår for godkjenning er oppfylt – også særskilt vurderer om det skoletilbudet som søkes godkjent samlet sett fremstår som gjennomført og reelt i henhold til godkjenningsgrunnlaget. I denne sammenheng bør det blant annet vurderes om søkerskolen ut fra sitt navn, presentasjon på ev. hjemmeside og annet informasjonsmateriell mv., reelt fremstår som en alternativ skole innenfor det aktuelle godkjenningsgrunnlaget. Departementet understreker i denne forbindelse viktigheten av at offentligheten og potensielle søkere om elevplass gis en tydelig og korrekt informasjon om hvilket godkjenningsgrunnlag skolen driver sin virksomhet på.

Fjellnær friskule SA gir i søknaden ei grundig forklaring for korleis skulen skal vera ein skule tufta på kristent livssyn. Det kristne grunnlaget kjem òg fram av det vedtektsfesta formålet til skulen, som lyder:

Fjellnær friskule SA har som formål å etablere og drive grunnskule basert på kristent (evangelisk-luthersk) livssyn. Samvirkeforetaket skal drive skule i samsvar med privatskulelova, samt skulefritidsordning.

Samla sett er det vår vurdering at Fjellnær friskule SA har ei reell tilknytning til det kristne grunnlaget skulen er godkjent på og representerer eit tydeleg livssynsmessig alternativ til den offentlege skulen.

Budsjett

Budsjettet til skulen er vurdert og totalt sett funne tilfredsstillande i samsvar med økonomiforskrift til privatskulelova § 2-1, Krav til budsjett ved søknad. Me har likevel nokre merknader som skulen må ta omsyn til, knytt til dei planlagde tilleggsverksemdene til skulen.

Budsjett for skuledrift

Statstilskudd og skulepengar er no berekna i samsvar med regelverket og gjeldande satsar. Det er ikkje gjort ei fullstendig vurdering og etterprøving av kvar enkelt budsjettpost. Me presiserer at alle disposisjonar må vera i samsvar med privatskulelova og økonomiforskrift til privatskulelova.

Tilleggsverksemder

Skolen planlegg drift av SFO, utleige av spesialrom (symjebasseng) og utleige av skulelokale som tilleggverksemder etter økonomiforskrifta § 7-1.

Skulen har i samband med søknaden utarbeidd eigne budsjett for tilleggverksemdene. Skulen har fordelt felles driftskostnader mellom skuledrift og tilleggverksemdene, men me ser at enkelte kostnader er haldne utanfor. Me minner derfor om at statstilskot gitt til skuledrift ikkje skal bidra til å finansiera tilleggverksemdene, og at skulen til kvar tid må sørgja for at tilleggverksemdene til skulen er sjølvfinansierande.

Skulen må fordela alle typar felleskostnader som er relevante for tilleggverksemdene og fordela meir enn berre meirkostnader knytte til tilleggverksemdene. Manglande tilordning av felleskostnader fører til at tilleggverksemdene blir drivne på kostnad av tilskotsmidlane gitt til opplæring. Som eitt døme kan me trekkja fram at det ikkje er synleggjort kostnader ved dagleg drift av skulens SFO, materiell og utstyr osv.

Finn meir informasjon om tilleggverksemdene på nettsidene våre:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/privatskole/private-skoler/tilleggsvirksomhet-og-avdelingsregnskap-for-privatskoler/>

Skulen må vera merksam på at om at det blir stilt ytterlegare krav til dokumentasjon og vurderingar ved handel med nærstående, jf. økonomiforskrifta til privatskulelova § 6-2. Disponering av eventuelt overskot kan gjerast etter økonomiforskrifta § 6-3.

Me minner om privatskulelova § 6-3 Krav til bruken av offentlege tilskot og skulepengar. Der står det at alle offentlege tilskot og skulepengar skal komma elevane til gode.

Skjønsmessig vurdering

I tillegg til å vurdere om skulen tilfredsstiller minstekrava i lova, har Utdanningsdirektoratet gjennomført ei skjønsmessig vurdering som mellom anna er basert på kva konsekvensar godkjenninga vil få for det offentlege skuletilbodet og kva behov det er for endringa.

Fjellnær friskule SA har saman med søknaden sendt inn ei utgreiing for behovet for skulen og godkjenningsgrunnlaget. Skulen skriv mellom anna:

Vårt budsjett, som vi også har lagt fram for og diskutert med økonomisjef i Lesja kommune utan innvendingar, viser at vi klarar å drifte ein 1.-10.-skule på Lesjaskog billigare enn Lesja kommune har klart til no og godt innanfor rammene statstilskotet set. Med eit privat skulealternativ kjem Lesja kommune til å kunne stryke ein stor post frå sitt budsjett og stå friare økonomisk. Når Lesja kommune ikkje har råd til å drive to ungdomsskular i ei så langstrakt kommune, men foreldreengasjementet for ein 1.-10.-skule på Lesjaskog er så stort, er det for oss åpenbart at det er behov for eit privat skuletilbod. Det er behov for å tenkje nytt, og det er behov for å gjeva elevar og tilsette ein trygg skulekvardag som ikkje lenger er truga av nedskjæringar og stram kommuneøkonomi.

(...)

Vi ynskjer at Fjellnær friskule skal vera ein skule tufta på kristent livssyn. Dette er utan tvil det mest naturlege valet av godkjenningsgrunnlag for oss. Vår kultur og våre felles verdiar er bygd på ein 1000-årig kristen tradisjon, og mange foreldre saknar tydelege spor av dette i barnas noverande læreplan og skulekvardag. Barnehagen i bygda, Lesjaskog friluftsbarnhage, har allereie eit tett og godt samarbeid med Lesjaskog kyrkje. Dei har songstundar og historieforteljing i kyrkja og presten kjem på besøk til barnehagen. Dei samarbeider om førebuinga til utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok og har omvisningar i kyrkja for å bli kjent med bygget og historia. Ungane deltek i gudstjeneste før påske og jul. Foreldra blir invitert og det er alltid stor oppslutning rundt denne tradisjonen. Dette gode grunnlaget klarar ikkje den offentlege skulen å følgje opp, i våre auge. Den næraste kristne privatskulen for innbyggjarane knytt til Lesjaskog skulekrets er Innfjorden friskule. Avstanden dit er godt og vel 7 mil, i tillegg til at skulen ligg i eit anna fylke. Å sende barna dit for å gå på skule, lar seg ikkje gjere i kvardagen utan at heile familien må flytte. Vi i Fjellnær

friskule ønsker å opprette ein nærskule som kan vidareføre det gode samarbeidet med kyrkja, og at barna får gå på ein skule der kristen tru og etikk har ein større plass enn det har i den offentlege skulen vi har i dag. Vi vil utarbeide eit årshjul der alle klassene har ulike treffpunkt med kyrkja gjennom skuleåret med til dømes songstunder, kyrkjevandring, undervisning i til dømes lokalhistorie, kyrkjebygget, kristne høgtider, salmar m.m. Ved å ha ein 10-årig skule vil vi også kunne ha konfirmasjonen som ei kontaktflate mellom kyrkja og skulen. På Lesjaskog har det i lang tid vore stor oppslutning om den kyrkjelege konfirmasjonen. I ei verd med mykje uro og rask utvikling meiner vi at det er viktig for dei unge å ha ei trygg forankring i den kristne tru og eit påliteleg forhold til kyrkja. Kyrkja på Lesjaskog har vore ein stabil institusjon i bygda vår i generasjonar. Det vil vi at den skal vera i framtida også. Vi ynskjer å gjeva foreldre moglegheiten til å velja ein skule tufta på kristen tradisjon for sine barn, noko dei ikkje kan i dag.

Vi søker om godkjenning for 1.-10. klasse fordi vi har gode erfaringar med 1.-10.-skule. Elevtalet tilseier at vi held fram som ein fådelt/aldersblanda skule. Lesjaskog skule har vore fådelt skule dei siste 10 åra. Vi meiner det har klare pedagogiske fordelar når elevar på ulike nivå kan samarbeide og lære av kvarandre. Dette kjem også fram i litteratur om nærskular og aldersblanding (Sætherstuen m.fl, 2016). Elevane øver seg på å ta i mot hjelp og å gje hjelp til både eldre og yngre medelevar. Dei yngre elevane har fine rollemodellar i dei eldre elevane, og vi ser at det oppstår vennskap og gode opplevingar på tvers av alder. Dette er gode eigenskapar for barna å ta med vidare i livet.

Vi ønsker at barn skal få gå i mindre klassar med moglegheit for tett og god oppfølging, eit kristent livssyn og fokus i botnen, tryggleik for barna og nærheit mellom barn og lærar. Vi ønsker at barn skal få gå på skule i sitt nærmiljø. Vi ønsker at dei kristne tradisjonane og det gode samarbeidet mellom skule og kyrkje skal bestå og utvikle seg. Vi ønsker å bruke alt det lokale engasjementet til noko fruktbart og positivt, vi ønsker å skape bolyst. Vi ønsker å skape eit kristent skulealternativ i Lesja kommune.

Det har også komme inn skriv frå FAU Lesjaskog Friluftsbarnehage og Leiar for FAU Lesjaskog skula, Lesjaskog Idrettslag, styret i Utdanningsforbundet Lesja og frå grendeutvalg i Bjorli og Rånå, Lesjaskog og Lesjaverk. Utsegnene opplyser saka og gjer mellom anna greie for historikk og lokalt engasjement for å starta opp ein kristen privatskule på Lesjaskog.

Lesja kommune (vertskommunen) er i tråd med privatskulelova § 2-1 første ledd gitt høve til å uttale seg om saka. I brev datert 21. mai 2025 har kommunen sendt inn saksframlegg med innstilling og endeleg vedtak. Kommunestyret behandla saka i møte 8. mai 2025 (sak 25/2025) og gjorde følgjande vedtak:

Vedtak

1. Forventet elevtall i Lesja kommune vil variere fra 13 til 25 elever på hvert ungdomsskoletrinn i perioden fra høsten 2026 til våren 2032. Kommunestyret mener det er uheldig både faglig og sosial å splitte opp så små elevmiljø på to uavhengige skoler.
2. Fjellnær Friskule SA søker om å etablere en 1-10 skole som i praksis vil ha den konsekvensen at den offentlige skolen vil bli nedlagt i denne delen av bygda. Kommunestyret mener at dette er negativt med tanke på behovet for en fellesskapsskole for alle barn i denne delen av bygda.
3. Ifølge spørreundersøkelse (utført av Fjellnær Friskule SA) som er foretatt blant foreldre som har elever ved nåværende Lesjaskog skule, har friskolen stor tilslutning blant foreldrene. Samtidig viser den at det er et lite mindretall av foreldrene som ikke ønsker et slikt skoletilbud for sine barn. For disse foreldrene vil Lesja skule bli den nærmeste offentlig eide skolen, noe som igjen vil bety en uhensiktsmessig lang reisevei for de minste elevene.
4. For Lesja kommune vil en slik etablering ha som konsekvens at i tillegg til å ha det økonomiske ansvaret for skoleskyssen til Fjellnær Friskule SA, vil kommunen få ansvaret for skoleskyss til de elevene som ikke ønsker dette tilbudet.
5. For det store flertallet av elever og foreldre samt bygdefolk forøvrig som ønsker en etablering av Fjellnær Friskule SA velkommen i den vestre del av bygda, vil utvilsomt en slik etablering bli oppfattet som svært positiv ved at de får beholde en 1-10 skole i sitt nærmiljø.

6. De faglige og miljømessige resultatene for begge de to skolene i Lesja kommune har fram til i dag vist gode resultater sammenlignet med andre tilsvarende skoler i Norge. Selv om Lesjaskog skole fra høsten 2026 blir organisert som en friskole, vil personalet i all hovedsak bli det samme som er ansatt ved den offentlige skolen i dag. Kommunestyret er av den oppfatning at det faglige og miljømessige nivået ikke vil bli vesentlig endret ved at skolen blir organisert som en privat friskole.

7. Kommunestyret erkjenner videre at skolen i tillegg til å være en viktig institusjon i seg selv, også har en viktig funksjon som samlingspunkt i bygda både når det gjelder fritidsaktiviteter og andre viktige anledninger. Denne funksjonen er i stor grad avhengig av at det eksisterer et levende skolemiljø på stedet.

8. Etablering av Fjellnær friskule SA vil gi en betydelig økonomisk gevinst for Lesja Kommune. Kommunen vil samtidig kunne avhende en betydelig bygningsmasse som også vil gi innsparinger.

Som det kjem fram over, har skulen sendt inn dokumentasjon som stadfestar og utdjupar tilknytninga skulen har til det kristne livssynet. Namnet til skulen er nøytralt, men skulen skal følge kristne læreplanar og det kjem tydeleg fram av det vedtektsfesta formålet til skulen at skulen «...har som formål å etablere og drive grunnskule basert på kristent (evangelisk-luthersk) livssyn.»

Det er vår vurdering at skulen har ei reell tilknytning til livssynsgrunnlaget skulen søker om godkjenning på og at det er behov for skulen, mellom anna fordi det ikkje finst andre kristne skular i kommunen. I saksframlegget til Lesja kommune står det og: «Det er ingen privatskoler i kommunen fra før. Fjellnær friskole søker om å få etablere en privatskole med et kristent livssyn. En etablering av skolen vil bidra til mangfold og valgmuligheter for innbyggerne i Lesja kommune.»

Uttalen frå kommunestyret peikar på fleire forhold. Eitt av punkta viser til at dersom ein privat skule med 1. – 10. trinn blir godkjend, så vil denne erstatta den offentlege skulen som i dag er på Lesjaskog. Dette vil som regel vera eit argument som talar mot godkjenning av ein privat skule. Slik me les Kommunestyrets uttale og dei mange innkomne støtteerklæringane, er vår vurdering likevel at ei godkjenning av Fjellnær friskula SA vil innebera at det i kommunen kan halda fram med å vera to skular med barne- og ungdomstrinn og at kommunestyret støttar dette. Når det også kjem fram av vedtaket i kommunestyret at etablering av Fjellnær friskula SA vil gi ein stor økonomisk gevinst for Lesja kommune, legg me til grunn at endringa samla sett ikkje vil få negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet i kommunen og at det er behov for endringa.

Konklusjon

På bakgrunn av det ovenstående finn Utdanningsdirektoratet å kunna komma søknaden i møte om godkjenning etter privatskulelova.

Informasjon til skulen

Oppstartskostnader

Skolen får ikkje statstilskot for å dekkja ekstrakostnader i samband med oppstart av skuledrifta. Dette skal dekkjast av skuleeigars innskot. Statstilskotet kan heller ikkje brukast til å dekkja gjeld som har oppstått i samband med oppstarten. Investeringar som blir gjennomførte tidsmessig tett opptil driftsløyvet og skulestart, kan dekkjast av framtidig statstilskot under føresetnad av at det kjem elevane til gode i skuleåret.

Bortfall av godkjenning

Godkjenninga fell bort dersom skulen ikkje blir starta opp i løpet av tre skuleår etter at godkjenning er gitt. Godkjenninga fell også bort dersom skuleverksemda blir lagd ned, det vil

seia at for få/ingen elevlar får oppl ring i tr d med privatskulelova med forskrift og dei vilk ra som ligg til grunn for godkjenninga.

Tavla

I Tavla vil skulen f  oversikt over tilskota sine, tilbod og tilsyn. Her skal skulen rapportera tilskotsrettmessige elevtal og prognosar, og dei kan s kja om driftsendringar. Dagleg leiar og/eller styreleiar kan gi andre tilgang til Tavla p  vegner av skulen via Altinn. Informasjon om dagleg leiar og styreleiar er henta fr  Einingsregisteret. Meir informasjon om innlogging finst her: <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/tavla/>

Statsforvaltaren rettleier om regelverket

Dersom skulen har sp rsm l om privatskulelova og regelverket knytta til privatskulelova, kan skulen ta kontakt med Statsforvaltaren i Innlandet.

Feide

Skulen kan bli vertsorganisasjon i Feide n r det ligg f re vedtak om driftsl yve. Dere kan lesa meir om Feide og krav til vertsorganisasjon her: <https://www.feide.no/innforing-av-feide>

Informasjon om klagemoglegheit

Utdanningsdirektoratets vedtak kan klagast inn for Kunnskapsdepartementet. Etter forvaltningslova § 29 er fristen for   klaga tre veker fr  det tidspunktet underretning om vedtaket har komme fram. Etter forvaltningslova § 32 er det n rare reglar om adressaten, forma og innhaldet i klaga. Det blir understreka at klaga skal sendast det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Etter forvaltningslova §§ 18 og 19 har parten rett til   sj  dokumenta i saka.

Om regelverket

I privatskulelova § 2-1 Godkjenning av skolar st r det mellom anna:

 Departementet kan godkjenne private skolar og driftsendringar ved godkjende private skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidareg ande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje f  godkjenning dersom etableringa vil medf re negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre s rlege grunnar tilseier at skolen ikkje b r godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal f  h ve til   gi fr segn f r departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage p  departementet sitt vedtak. Departementet skal leggje vesentleg vekt p  fr segna til vertskommunen eller vertsfylket. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til   drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si p  f lgjande grunnlag:

- a. livssyn
 - b. anerkjend pedagogisk retning
 - c. internasjonalt
 - d. s rskilt tilrettelagd vidareg ande oppl ring i kombinasjon med toppidrett
 - e. norsk grunnskoleoppl ring i utlandet
 - f. s rskilt tilrettelagd oppl ring for elevlar med dokumenterte behov
 - g. vidareg ande oppl ring i tradisjonshandverksfag
- [...]

Oppl ringa skal vere p  norsk eller samisk. Dette kravet gjeld likevel ikkje internasjonale skolar. Viktige dokument om verksemda etter lova skal i alle h ve vere tilgjengelege p  norsk eller samisk.

Godkjenninga fell bort dersom ein skule ikkje startar opp verksemda si etter lova i løpet av tre skuleår etter at godkjenning vart gitt. Det same gjeld om drifta etter lova blir nedlagd.»

Vennleg helsing

Sine Lund Solheim
seniorrådgivar

Kopi til:
LESJA KOMMUNE
Statsforvaltaren i Innlandet
Kunnskapsdepartementet